

Rutine for gjennomføring av munnleg og munnleg-praktisk eksamen 10.trinn i kompetanseregion Sogn

Vedteke av skulefagleg ansvarlege i kompetanseregion Sogn 11.12.2025.

Formålet med vurdering i fag er å fremje læring og lærelyst og å gi informasjon om kompetanse undervegs og ved avslutninga av opplæringa i faga. Ein eksamenskarakter skal vere uttrykk for den kompetansen kvar elev eller privatist viser på eksamen. Eksamen skal vere i samsvar med kompetansemåla i læreplanen. Eksamen skal gi eleven eller privatisten høve til å vise kompetansen sin i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma. Formålet er omtala i forskrift til opplæringslova [§ 9-1](#) og [§ 9-25](#).

Du kan lese meir om [formål med eksamen på UDIR si side](#). Sett i lys av formålet med eksamen har me utarbeida felles rutinar for vår region:

Førebuing av munnleg og munnleg-praktisk eksamen

1. Rektor syter for at elevane og lærarane vert gjort kjende med denne rutinen og [eksamensreglementet til UDIR](#) hausten på 10.trinn.
2. Det kan ikkje gjennomførast munnleg og munnleg-praktisk eksamen med førebuingstid på måndagar, eller første dag etter offentleg heilagdag eller høgtidsdag.
3. Faglærer har ansvaret for å utarbeida fagrapport og tema/problemstillingar i eksamensoppgåvene. Faglærer leverer inn fagrapport til rektor seinast 1. mai.
4. Sensorar skal ha tilfredsstillande kompetanse i faget, jf. forskrift til opplæringslova [§9-33](#).
5. Faglærer kan ikkje vere eksaminator og ekstern sensor samstundes.
6. 14 dagar før eksamensdagen:
 - Rektor ved mottakarskule informerer faglærer på 10. trinn (eksaminator) om trekkfag, og deler kontaktopplysningar til ekstern sensor.
 - Rektor ved avgivarskule informerer om kven som skal vere ekstern sensor, i kva fag, dato og kva skule hen skal sensurera ved.
 - Faglærer etablerer kontakt med ekstern sensor, sender fagrapport og saman drøftar dei tema/problemstilling, hjelpemiddel, vurderingskriterium og gjennomføringa av sjølve eksamen.
 - Merk at opplysningane under punkt 6 er sensitiv informasjon. Hugs teieplikta.

7. 48 timar før eksamen informerer rektor elevane om kva fag dei skal opp i. Elevane må gjerast kjend med kriteria for vurdering.
8. **48 timar** før munnleg-praktisk eksamen trekker eleven tema/problemstilling.
24 timar før munnleg eksamen trekker eleven tema/problemstilling.
9. Elevar har høve til å gjennomføre eksamen i gruppe.
10. Etter at eleven har fått opplyst kva fag hen skal ta eksamen i, vert tida nytta til førebuing der lærar er tilgjengeleg. Førebuingsdagane er obligatoriske der lærar kan svare på spørsmål og rettleia. Det skal ikkje vera undervisning på førebuingdagane.
11. Faglærar som utarbeider eksamensoppgåva avgjer om eksamen kan gjennomførast med hjelpemiddel, og kva for hjelpemiddel som er tillatne i faget. Tilgang til eller avgrensing i digitale eller andre former for hjelpemiddel til eksamen, bør grunngjevast ut i frå kompetansemåla i læreplanen, faget sitt eigenart, faget sitt nivå og eventuelle nye digitale oppgåveformat. Elevane kan ha med notat frå førebuingdelen under eksamenssamtalen. Bruk av omsetjingsprogram er eit lovleg hjelpemiddel til eksamen i alle fag *med unntak av språkfag*. Manglande norskkunnskapar er ikkje grunnlag for særskild tilrettelegging av eksamen. Ein kan difor ikkje innvilge bruk av tolk, då dette er eit særskild tilretteleggingstiltak.

Gjennomføring av munnleg og munnleg-praktisk eksamen:

12. På eksamensdagen møtest sensor og faglærar i god tid før eksamen tek til.
13. På eksamensdagen møter eleven minimum 15 minutt før eksamen tek til.
14. Tidsramme for eksamen:
 - Munnleg eksamen: inntil 30 minutt per kandidat
 - Munnleg-praktisk eksamen: inntil 45 minutt per kandidat
 - Ved gruppeeksamen har elevane tid tilsvarende kor mange som er med i gruppa.
15. Det er fleire relevante måtar for eleven å vise kompetansen på. Dette bør også tilpassast faga. Eleven avgjer sjølv om hen ønskjer å bruka ein presentasjon som utgangspunkt. Om eleven vel å bruka datautstyr, skal hen vera budd på å gjennomføre eksamen om noko skulle svikta reint teknisk.
16. Om ein vel å nytta lyttetekstar/lytttemateriell til eksamen i engelsk eller framandspråk, kan dette anten vera ein del av førebuingsmateriellet som elevane får 24 timar før

eksamen, og/eller det kan inngå som ein del av sjølve eksamen som varer inntil 30 minutt. Ein lytteprøve skal ikkje gjevast i tillegg til gjennomføringa av eksamen, t.d. 30 minutt før eksamen byrjar.

17. Under eksamen er det to sensorar; ekstern sensor og faglærer som intern sensor.
18. Faglærer er eksaminator og styrer samtalen, men ekstern sensor kan ta del i samtalen eller stilla oppklarande spørsmål.
19. Det er kompetansemåla som er grunnlaget for vurderinga av fagkompetanse til eleven, og utgangspunkt for utvikling av kriterium for vurdering av eksamen. Det er berre prestasjonen på eksamen som tel, ikkje førebuinga. Sensorane skal leita etter den kompetansen eleven har, og ikkje leita etter det eleven ikkje kan. Eleven må få moglegheit til å syna breiast mogleg kompetanse i faget. Det vert elles vist til [Utdanningsdirektoratet sine generelle retningslinjer for munnleg eksamen](#).
20. Det må setjast av tid til å fastsetja karakteren etter kvar eksaminasjon. Sensorane samanliknar ikkje kandidatane, vurderinga er individuell. Eleven skal få opplyst karakteren individuelt med ein gong etter eksaminasjon.
21. Om sensorane er usamde om vurderinga, avgjer ekstern sensor karakteren. Det er ikkje høve til å be elevar inn att til eksamen for å gjere ny vurdering ved usikkerheit kring karakter.
22. Elevar skal ikkje hindra eller forstyrra gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda til eleven er i strid med denne føresegna kan hen, etter å ha blitt åtvara og fått moglegheit til å endre oppførsel, visast bort av rektor. Dette står i forskrift til opplæringslova [§ 9-39](#).
23. Klage. Det kan berre klagast på formelle feil som kan ha hatt noko å seia for resultatet, jf. forskrift til opplæringslova [§ 9-40](#). Sensor må ta vare på dokumentasjon (notat) frå eksamen til etter at klagefristen er ute (10 dagar).
24. Permisjon. Rektor behandlar søknad om permisjon frå eksamen. Det skal svært gode grunner til å unntaksvis få permisjon frå eksamen.
25. Teieplikt. Faglærarar, sensorar og andre tilsette har teieplikt om eksamen, og skal ikkje uttale seg om eksamen til andre elevar enn dei ein sjølv skal ha opp til eksamen. Sensor skal ikkje opplyse til eigne elevar om til kven eller kvar ein skal vere sensor, verken før, under eller etter eksamensgjennomføringa.